



Martin Lid Trelast As
Brynalii 140
5705 Voss

Dykkar ref.

Vår ref.

26/6728 - 2

Dato

30.07.2026

Saksnr.	Utval
80/26	Utval for kultur og næring


Løyve - dispensasjon frå byggegrense veg- tilbygg - gbnr. 88/1 - Almelandsvegen 17

Søknaden gjeld:

Søknad om dispensasjon frå byggegrense veg i samband med nytt tilbygg på eksisterande våningshus.

Planstatus:

Området er regulert til LNF i kommuneplanen. Generell byggegrense 15 m frå vegmidt gjeld.



VURDERING AV SØKNADEN:

Søknaden er vurdert på bakgrunn av innsende teikningar/snitt, situasjonsplan og bilete.

KV 1286 Almelandsvegen er å rekne som samleveg på staden. Generell fartsgrense på staden er 50 km/t. ÅDT på vegen er ca 600.

Almelandsvegen har relativt stor stigning på staden. Vegen er rett, men går gjennom trengt gardstun med våningshus på eine sida av vegen og driftsbygningar på andre sida av vegen. Dette gjer dette til eit relativt uoversikteleg trafikalt punkt som fordrer låg hastigheit på trafikanter.

Minste avstand frå tiltaket til vegkant er i søknad oppgjeve til 10 meter frå senter veg. Deler av våningshuset ligg tettare på vegen enn det omsøkte tilbygget, og det vil såleis ikkje forverre den trafikale situasjonen. Tilbygget vil ikkje påverke frisiktsoner langs vegen.

Ein legg til grunn at tiltaket ikkje fører til større ulempe for drift, vedlikehald eller tryggleik på den kommunale vegen.

VEDTAK:

I medhald av §§ 29, 30 og 32 i veglova vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrænse langs offentlig veg for oppføring av hus/ garasje/tilbygg på eksisterande bygg på gnr 88 bnr 1, Almelandsvegen 17, i samsvar med søknaden. Det vert gjort gjeldande følgjande vilkår og merknader:

1. Avstand frå næraste kant av tiltaket (takutstikk eller liknande) til senter kommunal veg skal ikkje vera mindre enn 10 meter.
2. Areal mellom tiltaket og vegkant skal haldast på ein slik måte at det ikkje er til hinder for fri sikt langs vegen, i avkøyrsløp, eller på annan måte til hinder for drift eller vedlikehald av vegen.
3. Tiltak, eller deler av tiltak, som vert etablert nærare kommunal veg (skulder) enn 3 m, må fundamentast direkte på fjell eller minst 80 cm under vegplanum, slik at tiltaket ikkje får skadar ved evt masseutskifting av vegen.
4. Dersom tiltaket vert opparbeida eller halden ved like i strid med veglova, underliggjande regelverk, eller vilkår etter dette vedtaket, kan kommunen jf veglova § 36 krevje det fjerna eller retta, eller utføre fjerning/retting sjølv for eigaren sin kostnad.
5. Det er ikkje grunnlag for krav mot Voss herad på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at tiltaket ligg innfor byggjegrænse langs offentlig veg.
6. Tiltak, eller deler av tiltak, som vert etablert nærare kommunal veg (skulder) enn 3 m, må fjernast, evt byggjast om, for tiltakshavar si rekning der dette er nødvendig for evt framtidig vegutviding eller andre nødvendige tiltak med omsyn til sikkerheit og drift av vegen.
7. Dispensasjonen gjeld berre etter Veglova. Dei fleste tiltak krev i tillegg byggjeløyve etter Plan- og Bygningslova, evt andre løyve frå røyr- og kabeleigarar, eller rettar grunneigarar osv.
8. Dispensasjonen fell bort dersom arbeid med tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år etter det er gitt.
9. Før alle gravearbeid i eller nær (3 m) kommunal veg tar til skal det føreliggje graveløyve med tilhøyrande varslingsplan (skiltplan). <https://voss.herad.no/tenester/veg-vatn-og-avlop/veg/graving-og-arbeidsvarsling/>

Klage på vedtak

Vedtaket kan påklagast jf veglova §11 og forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

Med venleg helsing

Björg Lirhus Ree

Veg

Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg

Retningsliner for avkøyrslar til kommunal veg_Voss herad